

GISKE OPPVEKSTSENTER

ÅRSPLAN FOR SFO

2025 – 2026

Visjon for Giske skule og SFO: “Ein god stad å vekse”



INNHOLD

Innleiing	side 3
Tilsette, kontaktinformasjon, opningstider mm	side 4
Praktiske opplysningar	side 5
Målsetting Giske SFO	side 7
Fokusområde leik	side 8
Fokusområde kulturaktivitetar	side 9
Fokusområde fritidsaktivitetar	side 10
Fokusområde omsorg og tryggleik	side 11
Årshjul	side 12



INNLEIING

I følgje vedtekten for skulefritidsordningane i Giske kommune skal det utarbeidast ein årsplan for innhald og organisering.

Årsplanen har fleire funksjonar:

- Informasjon om SFO sitt innhald og organisering til eigar, politikarar, samarbeidspartnare og andre
- Grunnlag for kommunen sitt tilsyn med SFO
- Utgangspunkt for barna og dei føresette til å kunne påverke innhaldet i SFO
- Arbeidsreiskap for personalet

Andre dokument som foreldre / foresatte må sette seg inn i:

- Vedtekter for Giske SFO, som du finn på skulen si nettside: [Giske skule](#)
- Kvalitetsplan for skule, barnehage og SFO i Giske kommune
- Prosedyre for overgang mellom Giske barnehage og Giske skule

Målsetting for skulefritidsordninga:

Skulefritidsordninga (SFO) er heimla i Opplæringslova, § 13-7: "Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn."

"Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet."

SFO – leiing

Det er skulen sin rektor som er ansvarleg for SFO. Rektor kan delegera ansvar for den daglege drifta til ein SFO-ansvarleg. Det er rektor sitt ansvar at det er eit tett samarbeid mellom skulen si leiing/ rektor og dei som dagleg leiar SFO-tilbodet. Skulen sitt samarbeidsutval er òg ansvarleg for aktiviteten i SFO.

Samhandling skule og SFO

For barna på Giske skule skal dagen vere prega av heilskap og samanheng. Dette krev at det er ein stor grad av samarbeid og dialog om både innhald og organisering i skule og SFO. Skulen arbeider for at elevane møter like strukturar, felles normer og verdiar og til ein viss grad same vaksne gjennom heile dagen. Skulen sitt trivselreglement, handlingsplan for trygt og godt skulemiljø og plan for sosial kompetanse gjeld òg for SFO.

SFO ved Giske skule har skuleåret 2025- 26 påmeldt 40 barn.

Vi legg vekt på gode aktivitet, stor trivsel og eit godt samarbeid med foreldra gjennom skuleåret!

Giske oppvekstsenter 06.08.2025

Sunniva

Magnus Aarøe

Rektor og styrar

SFO.-leiar

INFORMASJON

Telefon og e-post

SFO	417 02 301	983 34 402	magaar@giske.kommune.no
-----	------------	------------	-------------------------

De som jobber med oss 2025- 26

Linn Astrid, Eila, Kari, Aina, Solveig og Magnus. Ny leder vil gå inn for meg.

Dagsrytme

07.30 – 08.30	Morgen-SFO
13.15/12.15	Skuledagen er over og SFO startar registrering.
14.00- 14.30	Matboks på SFO.
14.30 – 16.30	Aktivitetar/grupper/frileik inne og ute

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Henting

Vi oppmodar foreldre til å leve re og hente barna på SFO.

Det er viktig at de gir beskjed til personalet ved henting. Dette for at vi skal ha oversikt over barna som til ei kvar tid er til stades.

Dersom uforutsette ting fører til at føresette ikkje kan overhalde hentetida (kl. 1630), skal ein så fort som råd gi beskjed til SFO- personalet pr. telefon.

Ved henting etter SFO si stengetid, vil det bli krevd inn kr. 400 pr. påbegynt time, til dekking av ekstra lønnsutgifter.

Fråver og eventuelt andre avvik i forhold til oppholdstida

Føresette må sende melding gjennom transponder dersom barnet ein dag skal endre rutine, som til dømes:

- At barnet ikkje skal vere på SFO den dagen
- At barnet vert henta av nokon andre
- At barnet skal vere med nokon andre heim
- Evt. andre avvik skulen / SFO bør vite om

Det er ikkje nok at barnet sjølv seier i frå, beskjedane skal kvalitetssikrast og vere skriftleg.

Der er intern rutine der SFO vert underretta frå kontaktlærar dersom barnet er borte frå skulen ein dag.

Klede og utstyr

Vi er aktive på SFO, både ute og inne. Det er difor viktig at alle har med skifte av klede:

- To skift innerst til ytterst
- Regntøy og støvlar bør alltid ligge på skulen
- Det er også viktig at barna har innesko

Både vaksne og barn kan til tider ha problem med å ha full oversikt, og bortkomne klær er ikkje uvanleg. **Merk** derfor alle klede og sko og andre medbragte eigendalar. Barna kan trenge hjelp også av foreldre, til å halde orden i garderoben.

Måltid

Man har med matboks til måltid.

Vi har måltid kvar dag frå kl. 14.00-14.30. Det vert servert vatn, evt. mjølk som kan bestillast på skulemjølk.no under SFO. I skulefri dagar /veker og til morgon-SFO må barna også ha medbragt mat til første måltid.

Foreldresamarbeid

Giske SFO er opptatt av tett og godt samarbeid med foreldra/føresette og at de skal ha medverknad i innhald og prioriteringar i skulefritidsordninga.

Kom gjerne med innspel og idear til aktivitetar, utflukter mm. Bruk foreldreundersøkinga kvart år til å gi oss konstruktiv tilbakemelding så vi kan utvikle tilbodet.

Det er felles informasjonsmøte ved skulestart i august. Dersom nokon av foreldra/føresette ønskjer ein meir formell samtale om korleis barnet har det på SFO, ta kontakt med SFO-leiar.

MÅLSETTING GISKE SFO

Målsetting for Giske SFO

Formålet for SFO går fram av § 13-7 i Opplæringslova (jfr Innleiing side 3). Når det gjeld innhaldet i SFO, står det at:

«Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».

I Giske SFO har vi også sett opp nokre overordna målsettingar:

- Barnet skal verte sett, høyrd og føle seg trygg
- Barnet skal ha det kjekt og morosamt i SFO
- Det skal vere rom for både organiserte aktivitetar og spontan fri leik ute og inne
- SFO skal stimulere til sosiale aktivitetar som utviklar sosial kompetanse
- SFO skal ha nokre faste aktivitetstilbod
- SFO skal vere god på relasjonsbygging barn/barn og barn/vaksne
- SFO skal ha eit godt og kompetent personale

SFO – lokala er godt tilrettelagt med kjøkken og to ekstra grupperom.

SFO har også sambruk med skulen med tilgang til fleire rom ved behov. I tillegg har SFO tilgang til gymnastikksal, skulekjøkken, musikkrom, sløyd og data. Dette gir borna utvida moglegheit til fleire og ulike aktivitetar.

Skulen har også eit flott nærområde og uteområde og vi har kort veg til sjø og fjell. Vi har ein skuleplan med fleire leikeapparat, og ein kunstgrasbane. Det er dermed fysisk tilrettelagt for allsidig leik og aktivitet.

Fokusområde

I Giske SFO konsentrerer vi oss om fire fokusområde.

- Leik – ha det kjekt
- Fritidsaktivitetar - idrett- og friluftsaktivitetar
- Omsorg og tryggleik
- Kulturaktiviteter

FOKUSOMRÅDE - LEIK

LEIK — Ha det kjekt

Målsetjing:

Barna i SFO skal ha tid og rom for fri leik og lære gamle og nyare organiserte leikar.

Leiken sitt motiv og mål

Leiken er barna sin viktigaste aktivitet. Gjennom leiken får barna bearbeidd opplevingar og kjensler. Leiken gir erfaringar og opplevingar saman med andre barn. Samtidig får dei prøve ut ulike roller i leiken.

I pedagogikken er leik ein viktig faktor i barna si utvikling og læring, motorisk og mental:

- Leiken er barna sin dominerande verksemد
- Leiken som et middel til å utvikle erkjennelse og viten
- Ulike inntrykk og opplevingar i kvar dagen, kan utrykkast og bearbeidast gjennom leik
- Leiken er ei forebuing til vaksenlivet, då innhaldet til leiken ofte er henta frå det verkelege liv

Fri leik og organisert leik

I Giske SFO legg vi til rette både for fri leik og organisert leik. Barna skal ha tid og rom for fri leik. Dei får leike uforstyrra under tilsyn. **Dei vaksne gir støtte og hjelp ved behov.**

Personalet organiserer også leikeaktivitetar der dei deltek aktivt med styring og reglar for leiken. Mange barn treng styring, reglar og rettleiing av vaksne for å kunne leike.

Personalet i skulefritidsordninga observerer og vurderer barna i dei ulike leikeformene og grip inn når situasjonen tilseier det.

Dagsorden ved Giske skule si fritidsordning er så fleksibel at det ikkje vert nødvendig med avbrot i barna sin leik, anna enn for måltid og rydding.



FOKUSOMRÅDE - KULTURAKTIVITETAR

KULTURAKTIVITETAR – Song, dans, spel og opplevingar

Målsetjing:

Alle barn i SFO skal oppleve meistring og glede ved å delta i varierte kulturaktivitetar.

Kunnskapsløftet om det skapande menneske

Elevane må/ skal få høve til å utvikle gleda ved det vakre både i møte med kunstneriske uttrykk og ved å utforske og utfolde eigne skapande krefter.

Kvifor kultur i SFO?

Kunst og formkultur er avgjerande når menneske og nasjonar skal utvikle identitet og forstå seg sjølv og andre i eit historisk og kulturelt mangfald. Kunst og handverk er forankra i mennesket sitt skapande arbeid i kunst, arkitektur, design, kunsthåndverk og handverk. Arbeid med kunst og kultur gir kunnskap og ferdighet innanfor praktisk skapande verksemd. Samfunnet treng menneske med kompetanse i visuell kommunikasjon og evne til nyskaping.

Musikk, song og dans har gjennom alle tider innehalde, uttrykt og formidla stemning, tankar og førelsar ved det å være menneske – i leik, kvardag og fest. Musikk engasjerer heile menneske og vert betrakta ofte som ein del av individet sin sosiale og kulturelle identifikasjon.

Kultur i SFO

Kunst og kultur er viktige verkemidlar for å utvikle dei ulike dimensjonane i barna sin sosiale kompetanse, empati, evne til samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll, evne til ansvar og leik, glede og humor.

I Giske SFO legg vi til rette for barna si eigenutfolding/ eigenproduksjon av kunst og kultur. Barna er glade i å male og teikne, og vi bruker årstidene i det kulturelle virke. Dei likar å utforske naturen og nærmiljøet, observerer endringane i naturen, og vi oppsøker like mykje skogen som fjøra. Vi sankar, og bruker ulike ressursar i naturen for å skape både bilete og tredimensjonale kreasjonar. I fjøra studerer vi livets små og store under, plukkar t.d. skjell og steinar som vi kan skape noko av, gjerne i kombinasjon med anna materiale. Kreasjonar gjenspeilar ofte årstidene vi er inne i. Vi merkerar sjølvsagt dei store høgtidene som jul og påske. Aktivitetar kan vere: baking, lystenning i adventstida, juletrepyning, rebusløp med jakta på påskeharen, trening til 17.mai- leikar, og pynting av SFO-lokala med kreasjonar og norske flagg.

FOKUSOMRÅDE - FRITIDSAKTIVITETAR

FRITIDSAKTIVITETAR - Idrett- og friluftsaktivitetar

Målsetjing:

Barna i SFO skal være fysisk aktive gjennom å delta i forskjellege idrett- og friluftsaktivitetar, forming- og byggeaktivitetar, matlaging- og sjølvbergingsaktivitetar.

Avgrensing av fokusområdet

Dette fokusområdet er avgrensa til idrett- og friluftsaktivitetar, forming- og byggeaktivitetar, matlaging- og sjølvbergingsaktivitetar. Fokusområda ”Leik” og ”Kulturaktivitetar” dekker mange andre fritidsaktivitetar.

Fysisk aktivitet og helse

Grunnlaget for ein aktiv livsstil vert lagt i barneåra. Aktivitetane SFO rettar fokus på under dette området, har det til felles at barna er fysisk aktive. Forsking viser at fysisk aktivitet er viktig for fysisk og psykisk helse.

Barn er mindre fysisk aktive i dag enn tidligere, blant anna på grunn av økt bilbruk og at barn brukar meir tid framfor TV-/PC-skjermen. Barn som ikkje får utvikla motrikken sin, kan ofte ofte få andre problem; retta mot lesing, skriving, oppmerksamhet, også sosiale vanskar med lav meistringsfølelse og sjølvtillit.

Bruk av lokalmiljøet

For alle barn, og funksjonshemma barn spesielt, vil det være viktig å lære korleis dei kan få ei meiningsfull fritid. I Giske SFO legg vi vekt på å vere ute på tur.

- Like ved skulen har vi ”*100 meter skogen*” der ungane får utforske livet i skogen. Dei klatrar i tre, samlar kjeppar nok til å lage eit bål som ein kan samlast om og griller pølsjer og brød på pinne.
- *Grillhytta til barnehagen* kan vi og nytte fritt, og den vert mest brukt ved påsketider når det er snø og kaldt.
- Om vinteren bygger vi snøborg og lagar snømenn så fort vi har fått ein cm snø her ute på øyane, og vi brukar nesten alle ”*isane*” vi kan finne når det frys på. Barna elskar å gå på skeiser.
- Om våren og sommaren er vi på tur i *fjøra*. Vi badar og leitar etter krabber og skjell m. m. Då tar vi med oss maten og er ute nesten heile dagen.



FOKUSOMRÅDE - OMSORG OG TRYGGLEIK

OMSORG OG TRYGGLEIK

Målsetjing:

Alle barn i SFO skal oppleve respekt, tillit og likeverd. Barna skal oppleve tydelege og trygge vaksne som leiar og tar ansvar for kvaliteten i all samhandling.

SFO skal:

- Ha vaksne som gir det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar
- Ha vaksne som snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- Ha vaksne som kjenner regler og rutinar
- Ha vaksne som har felles forutsigbare reaksjonsmønster på situasjonar og handlingar i barnegruppa

Dei vaksne skal vere gode gruppeleiarar med blikk for kvart einskilt barn. Leiaren er klar og tydleg i sin kommunikasjon, slik at barna ikkje er i tvil om kva som vert forventa. Dei vaksne må balansere det å sette grenser og vise omsorg. Personalaet i skulefritidsordninga skal hjelpe barna til å bli meir sjølvstendige og ta stadig større ansvar for eigne haldningar og veremåte.

Evne til å reflektere over eigen praksis og eigne holdningar er eit viktig element i vaksenrollen. Det handlar om å vere oppmerksamt tilstade, imøtekommande og var overfor barna sine behov og bekrefte kompetent åtferd som barn og unge viser.

Omsorg har med korleis menneske forhold seg til kvarandre og korleis ein viser omtanke for kvarandre i kvardagslivet. For å utvikle ei trygg skulefritidsordning, må personalaet delta i og utvikle sosialt kompetente barn som kan kommunisere med kvarandre og vaksne, og som meistrer forventningar til positiv åtferd. Vaksne i skulefritidsordninga skal vere gode modellar for barna gjennom språk og handling, løysingar og veremåtar. Dette inneber at dei seks ferdighetsområda for utvikling av sosial kompetanse (sjå under) er synlege i dei vaksne sin veremåte.

Giske SFO sitt arbeid med omsorg og tryggleik

I Giske SFO arbeider vi målbevisst med vaksenrolla og utvikling av sosial kompetanse hos barna. SFO-personalaet har møte ein time kvar veke der ein planlegg, reflekterer og diskuterer. Skulen og SFO set seg klare mål for utvikling av sosial kompetanse hos barna, der SFO følgjer opp arbeidet kontaktlærarane har lagt opp til på vekeplanane.

Det er utvikla materiell med målsettingar innanfor seks ulike ferdighetsområder:

- **Samarbeid**
- **Ansvar**
- **Empati**
- **Sjølvkontroll**
- **Positiv sjølvhevding**
- **Humor/ leik/ glede**

Litt praktisk

SFO held stengt fire veker i juli og opner nærmeste måndag i august. I år blei dette 04. august.

Dei første planleggingsdagane kjem allereie ei veke etter oppstart. SFO er steng måndag – onsdag (11-13 august). Første skuledag blir 18. august.

12- timer gratis SFO

Alle elever på 1-3 trinSn med SFO plass, skal få 12 timer gratis SFO per uke. Dette følger av opplæringsforeskriften §2-2. Med timer i bestemmelsen, menes klokketimer på 60 minutter.

Tilbodet for 12 – timer gratis SFO i ferieperioder gjeld seks timer måndag og tysdag i ei ferieveke. Timene må være samanhengande. Om ein ynskjer å utvide SFO plassen i ferien, må ein søkje om å kjøpe ekstra feriedag. Pris for dette er 677,-

Nyheiter:

Ein søker SFO plass via Oppvekstportalen – tilbod, søknad og plassering i SFO og barnehage. Det som nytt år er ein kan søkje SFO plass for ti eller ellve månader.

Det er med ferie(11 mnd) eller utan ferie(10 mnd.). De som har 10 mnd. Har ikkje ferie SFO.

SFO har ny åpningstid frå hausten 07.30- 16.30

Stengte dagar 2025-2026

SFO er stengt i romjula, påskeveka og fire veker om sommaren. SFO har fem planleggingsdagar i skuleåret. 11.08.25 – 13.08.25. 02.01.26 og 15.05.26

Vi er open vinterferien og høstferien.

Siste skuledag er 19.06.26 SFO held open til 03.07.26.

Kommunikasjon med SFO

Giske kommune bruker Transponder som kommunikasjonsplattform. Transponder meldingsbok vil vere hovedkanal for kommunikasjon til SFO. Her kan de leggje inn hentetider, gå hjem sjølv, fråvær eller spørje. Alt av feriepåmelding, planer og anna informasjon kjem ut via Transponder.

- Oppseiingstida er to månadar rekna frå den 01 i påføljande månad.
- Blir plassen sagt opp etter den 1 mars må ein betale ut skuleåret.
- Ved henting etter SFO si stengetid, vil det bli krevd inn kr. 400 pr. påbegynt time, til dekking av ekstra lønnsutgifter.
- SFO er åpen 10 månader og er feriestengt i juli. I skulefrie periodar utanom juli månad, for dei som kjøper 11 månaders plass, vil SFO tilbodet kunne vere samla på ein skule. Det skal vere minimum 3 påmelde barn for at SFO-tilbodet skal vere åpent.

Magnus Aarøe

417 02 301